



Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

27. mars 2023

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Klage på løyve til bakkeplanering på gbnr. 156/17 m.fl. Austrheim

Naturvernforbundet Nordhordland syner til søknad sendt den 19.12.2022 og administrativt vedtak datert 06.03.2023 der Odd Haugen får løyve til jordpåfylling og planering på gbnr. 156/17 og 82 i Austrheim.

Jordpåfylling og planering skal skje med massar frå Storemyra næringsområde i Leirvågkrossen.

Naturvernforbundet kan dokumentera at store delar av massane som skal gravast ut og transporterast til bakkeplaneringa, høgst sannsynleg er forureina borekaks. Slikt avfall skal leverast til godkjent deponi og ikkje brukast til landbruksføremål. Storemyra næringsområde er ikkje registrert som godkjent deponi og dermed ulovleg. Her må det skytast inn at vi vil ta kontakt med Miljødirektoratet for opprydding og fjerning av massane for levering til godkjend mottak.

Bioforsk Report nr. 149/2011 (vedlagt) dokumenterer at det i perioden 2006-2011 blei deponert 37 500 m³ prosessert borekaks frå TCC i steinbrotet på Storemyra. Fyllingshøgda er på omrent 10 m på eit areal tilsvarande 3 700 m², dvs. 13 % av steinbrotet. Dei forureina massane innehold miljøgifter som barium, arsenikk, kopar, krom, nikkel, kadmium, bly, sink, molybden, klorid, sulfat og hydrokarbon. Borekaksen er delvis blanda med jord på staden.

Borekaksen har kome frå Soilcare og seinare TWMA på Mongstad. Deponeringa blei avslutta i 2011.

Naturvernforbundet synfarte 26.03.23 Storemyra næringsområde. Jamført med kartet i søknaden der uttaket av masse er markert med grønt, er det liten tvil om at uttaket skjer der dei ureina massane frå Mongstad er deponerte. Å destabilisera slike massar gjennom graving medfører stor miljørisiko.

Den omfattande bakkeplaneringa av arealet langsmed Nipebeitevegen i Heiane slik det er søkt om, vil i tillegg til problemstillinga på Storemyra vera konfliktfylt av to grunnar.

For det første er det høgst sannsynleg at avrenning frå bakkeplaneringa vil føra til forureining av elva, som renn 6 meter sør for tiltaket, både av miljøgifter og jordpartiklar. Elva er å rekna som anadrom med potensiale for oppvandrande sjøaure og ål. Det har tidlegare vore registrert sjøaure i elva.

For det andre kan tiltaket vera i strid med naturmangfaldlova, ikkje berre på grunn av raudlista sjøaure og ål, men også sterkt trua (EN) hekkande fugl i influensområdet, dokumentert med lydopptak i veke 12. Registreringa er meld til Austrheim kommune og Statsforvaltaren.

Med bakgrunn i Forureiningslova og Naturmangfaldlova krev Naturvernforbundet Nordhordland at løyve til bakkeplanering på gbnr. 156/17 m.fl. Austrheim blir trekt attende. Forureina borekaks som er deponert på Storemyra, skal etter lova leverast til godkjend mottak og ikkje til landbruksføremål. Risiko for skade på viktige raudlista artar er dessutan stor.

Jan Nordø
leiar

